

TETTSTADPROSJEKT ÅLVIK

Ålvik som ein god og triveleg stad å bu



KVAM HERAD	
Arkivsaknr.:	04/470
Dato	16 SEPT. 2009
Dok.nr.:	5
Saksh.:	OYAD
Arkiv:	673
Ark.A:	

GEOPPLAN AS

AREAL- OG SAMFUNNSPLANLEGGING OPPMÅLING GEODATA

Prosjekt	TETTSTADPROSJEKT - ÅLVIK	
Oppdragsgivar	Kvam herad v/næringsutviklar Jan Tjosås	
Utarbeidd av	Geoplan AS, Sandvenvegen 18, 5600 Norheimsund Tlf. 56 55 62 33 - Faks 56 55 24 40 Epost: geoplan@geoplan.no	
Oppdragsansvarleg:	Svein Steine	
Prosjektnr:	2076	
Medarbeidarar hjá Geoplan:	Planleggar Bjørn Vik	kartredigering plankart
	Sivilarkitekt Alv Martin Vangdal	planprosess plankart
	Landmålar Ole Petter Skjæggestad	innmåling datagrunnlag
	Sivilingeniør Svein Steine	prosjektleiing planprosess tekst og redigering
Styringsgruppa for omstilling i Ålvik:	Ordførar Martin Vik Varaordførar Astrid Selsvold Næringsutviklar Jan Tjosås Adm. dir. Fredrik Behrens Ernst Yndestad Gro Bernstrøm	Kvam herad Kvam herad Kvam herad Bjølvefossen ASA Bjølvefossen ASA Bjølvefossen ASA
Planarbeidet utført	november 2002 - oktober 2003	

INNHALD

	Forord	side	4
1	Samandrag		5
2	Oppdraget - Bakgrunn		5
3	Ålviksamfunnet		5
4	Tettstadutvikling		7
5	Formgjeving i Ålvik		8
6	Korleis framstår Ålvik - presentasjon og skilting		9
7	Utviklingsprinsipp		10
8	Prosjektelement - oversikt		13
	• sentrum/Torget		13
	• Messen		14
	• Havnaneset		15
	• gangvegssystemet		16
	• utbetring av riksvegen		17
	• strandsti		18
	• elvesti/elvemiljø		19
	• trallebanen		21
	• bygningar og arealressursar		22
9	Kostnader		23
10	Plansituasjon - planavklaring		24
11	Gjennomføring av tiltak		25
12	Planprosessen		25
13	Referansar		26

Forord

Utviklinga i Ålvik peikar i ugunstig lei med omsyn til folketal og sysselsetjing.

Det ligg ei stor oppgåve i å halda oppe Ålviksamfunnet som eit velfungerande lokalsamfunn der folk får lyst å bu og slå seg ned.

I denne rapporten er gjort greie for ulike tiltak som kvar for seg og til saman kan bety betring av levevilkår og større optimisme.

Ålviksamfunnet, bedrifta, heradet, fylkeskommunen og statlege organ må finna sine roller i det vidare arbeidet med å gjennomføra naudsynte tiltak.

1 Samandrag

Ålviksamfunnet har opplevd ei ei kraftig nedbemanning ved hjørnesteinsbedrifta Bjølvefossen dei seinaste åra. Det er arbeidd med ulike tiltak for å motverka nedgangen. Bjølvefossen og kommunen har oppretta ei styringsgruppa for omstilling i Ålvik. Styringsgruppa ønskjer å fokusera på Ålvik som ein god og triveleg stad å bu. Geoplan AS er engasjert til å utforma ein tiltaksplan for prosjekt i tettstaden.

I dette arbeidet vert presentert tiltak for

- **betring av trafikkmiljø og tryggleik langs riksvegen**
- **ny utforming av Torget/sentrumsområdet**
- **skaping av ny akse som ein berande struktur mellom sentrum og Havnaneset**
- **"stoppeplass"/møteplass for vegtrafikken for å oppleva Ålvik**
- **utforming av strandsti for å gjera strekningen langs stranda meir tilgjengeleg**
- **betring av miljø og tilrettelegging for turgåing og aktivitetar langs Dalselva**

Verknaden av desse tiltaka vil vera stimulerande for Ålvik som buområde og møteplass og som ein interessant stad å oppleva for fastbuande og vegfarande. Auka trivsel og større etterspørsel etter varer og tenester kan danna grunnlag for vekst og utvikling i næringsliv og arbeidsplassar.

2 Oppdraget - Bakgrunn

Arbeidet med omstilling i Ålvik har gått gjennom fleire fasar i takt med reduksjonen av tilsette ved Bjølvefossen. Det er gjennomført delprosjekt med vekt på næringsutvikling, konkrete idear til ny næringsverksemd og analyse av konkurransefortrinn. Ønsket var særleg å koma i gang med industrielle prosjekt til erstatning for bortfall av arbeidsplassar ved Bjølvefossen, men dette har vist seg vanskeleg.

I omstillingsarbeidet har også vorte arbeidd med fysiske tiltak i tettstaden. I 2001 gjennomførte 12 studentar frå Bergen Arkitekt Skole ulike ideprosjekt i Ålvik. Resultata vart framstilt i ein utstilling "Ålvik goes- helhet og motor", som vart vist i Ålvik i januar 2002, og som hausta mykje ros for kreativitet og nytenking. Dei ulike prosjekta peika på mange element eller innspel som ville friska opp bygda og tilføra nye attraksjonar. Sivilarkitektane Gudrun Molden og Helge Schjelderup har vore engasjert til eit forprosjekt for vurdering av idear ein kunne gå vidare med.

Styringsgruppa for omstilling i Ålvik har vore i Tyssedal og sett på arbeidet som er gjort der med eit tilsvarende tettstadprosjekt. Representantar frå Odda/Tyssedal har vore i Ålvik og orientert om sitt arbeid. Det er halde fleire møte i Ålvik i samband med ideutvikling.


I møte i oktober 2002 har Kvam heradsstyre vedteke å setja i gang arbeid med eit tettstadprosjekt for Ålvik. Prosjektet skal konsentrera seg om området Torget, Messa, Havnaneset og den austlege delen av Bjølvefossen sitt industriområde.

Geoplan sitt oppdrag er å vidareføra konkretisering av idear og tema som har lege til grunn for tettstadprosjektet. Vi har valt ein arbeidsmåte som er ei blanding av "mobilisering" av lokal interesse gjennom arbeidsdugnader, analyse og vurdering av aktuelle behov og løysingar spesielt med omsyn til trafikksikringstiltak, og kreativ arbeid med idear til utforming av nye strukturar i tettstaden.

3 Ålviksamfunnet

Tettstaden

"Gamle" Ålvik er eit vel planlagt og relativt tettbygd samfunn bygd opp i gangavstand omkring industribedrifta Bjølvefossen. Bjølvefossen har hatt ansvar for utbygging og drift av det meste av infrastruktur i Ålvik, slik det var vanleg i denne typen einsidige industrisamfunn. Også arbeidarane sin organisasjonar, kultur og andre samfunnstilbod har nytt godt av støtte frå Bjølvefossen.



Hovuddelen av bustadområda ligg nord og aust for bedrifta, men det er og bustadområde vestover mot Vikedal. Frå slutten av 1970-talet er det lagt ut kommunale bustadfelt på Lilletveit, 1-2 km aust for sentrum. Avstanden hit sprengjer på ein måte dimensjonen som har vore i det gamle Ålviksamfunnet og er eksempel på bilavhengig lokalisering.

Sentrumsfunksjonane i Ålvik er godt plassert ved hovudvegen der hovudsambandet mellom industrien og dei større bustadområda passerer. Skule, kyrkje, idrettsanlegg, Folkets Hus mm ligg ovanfor sentrum i tilknytning til bustadområda og er godt avskjerma mot gjennomgangstrafikken på riksvegen. Ut frå situasjonen sine krav om å skapa eit godt samfunn omkring bedrifta, må det seiast at Ålvik er bygt opp med gode planløyisingar og høg kvalitet på offentlege og private anlegg. Tidlegare tiders problem med røykutslepp frå produksjonen er løyst, og bumiljøet i dag er godt.

Handels- og servicetilbodet i Ålvik har vore bygt opp for å dekkja lokale behov i tettstaden og har ikkje noko folketalsoppland omkring seg.

Utviklingstrekk

Ålvik er i folketal den tredje største tettstaden i Kvam etter Øystese og Norheimsund, som kvar her rundt 2000 innbyggjarar. I tettstaden Ålvik budde det fram til 1960-1970-talet over 1000 personar, men folketallet har gått nedover og ligg no på under 700. I skulekrinsen, som også omfattar Ytre Ålvik, bur det i 2003 vel 700 menneske. Meir enn 20% av folketallet høyrer til i aldersgruppa over 67 år, tilsvarande tal er 17% for kommunen samla og 13% for fylket.

Folketalet i Ålvik er i ferd med å bli så lågt at grunnlaget for allsidige servicetilbod kan stå i fare.

	1960	1970	1976	1980	1986	1990	1995	1998	2000	2002	2003
Folketal i Ålvik tettstad	1113 SSB	1061 SSB		839 SSB		695 SSB	667 fylkes- statistikk	675 SSB	647 fylkes- statistikk		
Folketal i Ålvik skulekrins			1154	1074	864	874		783	764	740	713
Tilsette i Bjølvfossen	ca 600		580				ca 230		ca 240	ca 170	
Folketal i Kvam pr 01.01. (komm.regulering i 1964)	8924	9017 SSB	8757 SSB	8733 SSB	8754 SSB	8773 SSB	8597 SSB	8556 SSB	8592	8514	8467

Talmateriale i tabellen er frå kommunale plandokument og litt ulike kjelder elles, men illustrerer hovudtrekka i utviklinga i Ålvik og i kommunen.

Talet på sysselsette ved Bjølvfossen er mykje redusert dei seinare åra, og det er planar om ytterlegare reduksjonar. I Ålvik har sysselsettinga tradisjonelt vore knytt opp mot Bjølvfossen. Som på andre einsidige industriplassar har det tidlegare vore lite behov for å tenkja på skaping av arbeidsplassar utanom fabrikkene, og staden har kanskje mangla ein kultur for etablering av annan næringsverksemd. Når så mykje som rundt 2/3 av industrisysselsettinga vert borte på nokre tiår, er det vanskeleg i eit lite samfunn å erstatta desse arbeidsplassane. Ein del mindre foretak er likevel etablerte i dei seinare åra av personar som gjerne vil bu i Ålvik.

4 Tettstadutvikling

Drivkreftene i samfunnsutviklinga er samansette og endrar seg over tid. Gjennom planar og tiltak på ulike nivå blir det søkt lagt opp til gode levevilkår i alle delar av landet og å motverka uheldige utslag av ulikskapar og skeiv folketalsutvikling.

Statleg satsing

Staten erkjenner at satsing på utvikling av tettstader er viktig for å halda oppe busetjinga og har i gang eit program for "Miljøvennlige og attraktive tettsteder i distriktene". I St.meld. nr 23 (2001-2002) "Bedre miljø i byer og tettsteder" vert det lagt vekt på tiltak for å betra miljøsituasjonen.

Tettstader - fylkesplanen 2001-2004

Fylkesplanen har senterutvikling som eit av sine viktige arbeidsfelt. Utvikling av nye arbeidsplassar og auke i folketal i fylket har i seinare år i stor grad vore knytt opp mot tettstadsområda, særleg områda i pendlingsavstand frå Bergen. Sterke lokale, kommunale og regionale senter fungerer som møteplassar mellom menneske. Medviten satsing på fysisk utforming er ein god strategi for å gjera lokalsamfunnet meir attraktivt for etablering av ny verksemd og ny busetjing. Også i området med tilbakegang i folketallet kan utvikling av senter vera eit verkemiddel for å demma opp for tilbakegangen. Utvikling av betre senter og tettstader i fylket er eit av områda i handlingsprogrammet til fylkesplanen.

Fylkeskommunen har i fleire år arbeidd målretta for å stimulera kommunane til å utvikla tettstadene. Etter som fylkeskommunen er i ferd med å få eit sterkare ansvar for den regionale utviklinga, er det rimeleg å ha forventningar til at stimulerings tiltak til tettstadene vil verta ført vidare som ein viktig del av den regionale utviklinga.

Kommuneplanen 2002-2014 - langsiktig del/strategiar

Tekstdelen til kommuneplanen for Kvam for 2002-2014, vedteken 2003, har mål om relativt sterk auke i folketallet i Kvam. Dei seinare åra har folketallet vore stabilt eller svakt nedgåande. Framskrivingar kan tyda på at nedgangen vil halda fram i dei komande åra. Kommuneplanen formulerer ikkje særskilte mål eller tiltak for Ålvik ut over generelle mål om folketalsauke i kommunen og "minst oppretthalde folketallet" i alle delane av kommunen.


Kommuneplanen sier ikkje noko konkret om Ålvik sin plass i tettstadsmonsteret i kommunen, men tek til orde for at tettstadsmonsteret må fastleggjast i planperioden. Det går fram av undersøking gjengitt i kommuneplanen at folk i Ålvik føler større identitet med staden Ålvik enn med kommunen Kvam.

Tettstadsstrukturen i kommunen - der både Norheimsund og Øystese har vesentleg større folketal og langt større breidd i arbeidsplassar enn Ålvik - tilseier at det er vanskeleg å etablere grunnlag for servicetilbod i Ålvik. Avstand frå Ålvik til Øystese er 20 km, til Norheimsund 27 km. Til Voss er det ca 50 km. Det kan vera grunn til å leggja særskilt omtanke i korleis dei tenestetilboda som kommunen har ansvar for, vert lokalisert og kan samverka med andre tilbod i Ålvik.

Det er ca 10 ledige bustadtomter i kommunale felt på Lilletveit i Ålvik.

Kommuneplanen sin arealdel

Gjeldande arealdel, vedteken 1999, registrerer den faktisk arealbruken i utbygde og/eller regulerte område i Ålvik. Arealdelen er under revisjon.



Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel

5 Formgjeving i Ålvik

God formgjeving og heilskapleg utbygging i ein stor skala er eit av dei viktigaste kjenneteikna for industrisamfunna som vaks fram i byrjinga av 1900-talet.

Sivilarkitekt Gro Lavold har utarbeidd eit konsept som beskriv korleis arkitekturen - innanfor rammene av den tids oppfatning av bedrifta si rolle og organisering og ideal om det gode samfunn - har påverka utforminga av Ålviksamfunnet. Det er knytt store arkitektoniske verdiar til industridelen - kraftstasjonen, delar av fabrikkanelegga, administrasjonsbygningar - og til bustadmiljøa.

Kraftstasjonen med tilhøyrande anlegg - teikna av arkitekt Torvald Astrup (1876-1940) - vart teken i bruk i 1918 og framstår enno som autentisk. Kraftstasjonen går ut av drift når ny kraftstasjon vart teken i bruk i 2004

Store delar av bygningsmassen i Ålvik frå 1917 til 1950 er teikna av arkitekt Nicolai Beer (1885-1950) og vidare av etterfølgjaren hans, arkitekt Esben Poulsson til 1973.



Industribygningane er forma eller fornya i ulike periodar tilpassa skiftande krav til produksjonen. Imponerende takkonstruksjonar av tynne betongskall er bygningskunst på sitt beste og er med og set sitt preg på anlegget.

Klassedeling i samtida markerer seg klart i bustadbygginga. Villabyen med einebustader for leiinga. Tomannsbustader for funksjonærane. "Byen" med firemannsbustader for arbeidarane. Alt i nyklassisistisk stil. Ideala var heilskaplege løysingar der bustader, hagar og vegetasjon spela saman. Etter kvart som ideane om eit meir homogent samfunn slo gjennom, vart klassedeling mindre synleg.



Villabyen



Byen



Bebyggelsen på Skjæret er eksponert mot riksvegen og står fram som ei unik husgruppe i vårt distrikt.

Funkishusa på Skjæret frå 1930-talet og vertikalt delte rekkehus på Haugenjordet frå 1950-åra er bygd som sjølvveigande bustader på festetomter.

Boka Ferfolket ved fjorden inneheld mange dome på at Bjølvfossen viste stor respekt for arkitektane sin sakkunnskap og rådførte seg med dei i alle spørsmål. Ålvik blir framheva som "over nasjonal standard" med vekt på vakre løysingar og heilskap.

Ålvik er kanskje enno i dag ein av dei beste eksponentane for eit industrisamfunn i reindyrka form, som i det ytre står fram med relativt små endringar sjølv etter ein nær hundreårig industrihistorie og der bedrifta enno er vital og spelar ein dominerande rolle. Noko av forklaringa på det kan vera at staden ikkje er kommunesenter og dermed har unngått å verta særleg fysisk merka av den sterke framveksten av offentleg utbygging som har prega samfunnet i dei seinaste 20-30 åra.

6 Korleis framstår Ålvik - Presentasjon og skilting

Ålvik ligg langs rv 7 - Turistveg Hardanger - som er ein del av den nasjonale turistvegsatsinga. Turistvegen går gjennom vakkert landskap, men treng også levande lokalsamfunn kring seg som basis for opplevings- og servicetilbod.

På ruta som kjem austfrå langs riksveg 7 og som kryssar Hardangerfjorden med ferje, er det relativt få tettstader etter at Geilo er passert. Eidfjord, Granvin, Ålvik, Øystese og Norheimsund ligg som perler på ei snor langs Hardangerfjorden og kan markerast sterkare mot turistvegen. Det er viktig for tettstaden Ålvik - og for Kvam herad - å markera seg mot vegtrafikken. Slik markering bør med fordel kunna skje i fleire trinn langs turistvegen.

Plassering og innhald av skiltinga bør i størst mogleg grad samsvara med overgang mellom soner med ulik aktivitet langs vegen og med fartsgrensekriterier for riksvegen. Skiltinga kan utførast i 3 eller 4 trinn der med spesifisering av informasjon vert noye tilpassa plassering

eksempel - frå aust



- forvarsel/informasjonsskilt ved Kjepso (4 km aust)
kombinert skilting av Ålvik og Kvam



- ytre tettstadsavgrensing Lilletveit (2 km aust)



- indre tettstadsavgrensing/fartsgrensesone
50 ved Tyrvefjora (1 km aust)



- markering av Ålvik sentrum

frå vest

- forvarsel/informasjonsskilt ved vegutviding vest
for Vikedal (2 km vest)

- tettstadsavgrensing Vikedal (1,5 km vest)
50-sone pga manglande gangveg

- ved bru Dalselva (300 m vest)

- ved inngang til sentrum

7 Utviklingsprinsipp

7.0 Generelt

Det er i dei siste 10-20 åra gjennomført ei rekkje utviklingsprosjekt i tettstader rundt om i landet. Erfaringar frå ulike tiltak er samla i ulike publikasjonar frå Miljøverndepartementet og andre. Fellestrekk ved gode prosjekt er gjerne knytt til god motivasjon og brei deltaking, forbetring av trafikkmiljø, grøntstruktur og vassdrag, byggeskikk og kulturmiljø, møtestader, næringsverksemd. Forankring i formell planprosess etter plan- og bygningslova og finansiering frå fleire partar kan letta gjennomføringa.

Tettstadprosjektet i Ålvik konsentrerer seg i første fase om tiltak for å betra fysisk miljø. Eit godt fysisk miljø legg grunnlag for ein attraktiv tettstad, eit godt bumiljø og næringsmessig utvikling. Folk i dag har mykje å velja mellom og stiller krav til så vel dei fysiske omgivnadene som det øvrige innhaldet i sin livssituasjon.

Industristader har hatt svak "etablerarkultur" og Ålvik er neppe noko unnatak i så måte. Ein etablerar er ikkje avgrensa til ein "vareprodusent", slik ein gjerne tenkte før. I dag er det ofte ein yngre person som startar for seg sjølv innanfor eit kunstnarleg eller kreativt felt. Motivet er gjerne knytt til realisering av idear og visjonar, og stundom også at det kan vera lite lønna jobbar å få innanfor interessefeltet.

7.1 Prinsipp for utvikling

Fysiske tiltak - tre viktige område:

- | | | |
|--|---|-----------------------------|
| • Trafikksikring, tiltak langs vegen |) | <i>krev først og fremst</i> |
| • Møteplassar og aktivitetar i sentrum |) | <i>planar</i> |
| • Andre aktivitets- og trivselstiltak |) | <i>- og pengar</i> |

Grunnlag for næringsutvikling - annan tilrettelegging-

- | | | |
|------------------------------|---|------------------------------|
| • Areal og bygningsressursar |) | <i>krev først og fremst</i> |
| • Miljø å knyta seg til |) | <i>interesserte personar</i> |
| • Stimulerande ordningar |) | <i>og (noko) pengar</i> |

7.2 Element i ei utvikling

Fleire element inngår

- **trafikksikring langs riksvegen**
- **sentrumsmiljø - opprusting av Torget**
- **estetikk og møteplassar**
- **merksemd og stoppeffekt for vegfarande**
- **grønt miljø og opplevingar - stranda og elva**

Kvar for seg er desse elementa viktige deltiltak for eit betre miljø og eit meir triveleg Ålvik.

7.2.1 trafikksikring langs riksvegen - aktuelle løysingar

Tidlegare planar: omlegging av riksvegen

Eksisterande riksveg har ujamn standard forbi Ålvik. Nokre parti er utbetra til to felt, men store delar av vegen innover mot Kvannadal og til dels utover mot Ytre Ålvik ligg i hovudtrekk slik har er bygd i tida før krigen. Det har tidlegare vore planar om å leggja riksvegen utanom sentrum, og det er regulert tunnelinnslag aust for Skjæret.

"Miljøopprusting" av eksisterande veg

I dag synest det meir aktuelt å rusta opp vegen slik han ligg, med ei utforming som tilpassar seg det eksisterande miljøet og legg til rette for betring av bumiljø og trafikksikring. Tiltaka i sentrumsområdet bør sjåast i samanheng med behov for vidare gangvegsamband til dei bebygde områda langs riksvegen, så vel vestover mot Vikedal som austover mot Lilletveit.

I sentrumsområdet og mot Skjæret med randbebyggelse tett innpå vegen bør det som prinsippløsning veljast ei urban utforming av riksvegen med fortau/kantstein og lukka drenering. Vegnormalane sine løysingar lyt her tilpassast til eksisterande situasjon, landskapsestetikk og den arkitektoniske kvaliteten som ligg i utforminga av bustadfeltet kangs vegen. Krav til plassparande løysing og ønskje om ei utforming som oppmodar til lågt fartsnivå, tilseier at køyrebanen får smal men jamn vegbreidd på rundt 6 m inkl rennestein, med nødvendig breiddeutviding i kurver.

Miljøtiltak i form av støyreducerande tiltak for bygningar og opphaldsareal langs vegen må også vurderast i detaljplan. Krav til støyskjerming er knytt til m.a. trafikkmengder på vegen og det er uvisst om slike krav vil verta gjort gjeldande ved ei opprusting av vegen i Ålvik.

Sikring av fotgjengarar og syklistar - fortau eller gang- og sykkelveg.

Fortau - skilt frå vegen med kantstein - eller gang- og sykkelveg - skilt frå vegen med rekkverk eller grøft - er aktuelle tiltak langs riksveg. Fortau gir eit skjerma areal for gåande, men har ikkje noko fysisk skilje mot køyrevegen og er ikkje eigna for sykling. Gang- og sykkelveg har betre skilje mot køyretrafikken, men blanding av syklistar og gåande kan også utgjera fare ved påkjørsler bakfrå m.m. Det kan vera vanskeleg å utforma gode løysingar for overgang frå gang- og sykkelveg til fortau inn mot sentrum.

Fjerning/samling av avkjørsler

Eigedommane tett inntil riksvegen på Skjæret har avkjørsler direkte til riksvegen. Samling og utbetring av avkjørsler må vurderast i meir detaljert plan der terrenginngrep og estetikk, siktmessige forhold og kryssing/blanding av køyrande og gåande trafikk på gangareal er viktige omsyn.

7.2.2 sentrumsmiljø - opprusting av Torget

Torget er den sentrale møteplassen og innfallsport til handels- og senterfunksjonar der det dag finst butikk, frisør og minibank). Torgbygget har eit kraftfullt uttrykk med sin 50 m lange fasade i 3 etasjar langs riksvegen. Det ligg husvære i dei to øvste høgdene. Rundt 20 m frå torgbygget, og i omtrent same fasadeflukt, ligg ein tidlegare butikkbygning som i dag står tom og til sals. Nordvend lokalisering gjer området mellom Torgbygget og riksvegen noko skuggefullt. Det er nokre benker og litt beplantning i området. Torgområdet står i dag fram som i det vesentlege eit trafikk- og parkeringsareal. På motsett side av riksvegen er eit parkmessig område, men dette ligg heilt åtskilt og har ikkje brukssamanheng med Torget. Visuelt heng dei to områda saman som eit landskapsrom avgrensa av ein naturvegg/fjellskrent i aust og ein bygningsfasade i vest.

Opprusting av området, med klarare skilje mellom opphaldsareal og trafikkareal, bør skje som eit estetisk løft med bruk av solide materialar og eit moderne formspråk.



Torget



Parkområde ved riksvegen

7.2.3 utvikling av sentrumsfunksjonar og møteplassar

Dei opnaste og finaste areala i sentrum ligg sør for Torget mot Messen og Havnaneset. Her er romslege areal som i dag er delvis parkmessig og delvis naturterreng. Vegetasjon, terrengformer og bebyggelse hindrar sikt frå torgområdet til fjorden.

Området rundt Messen synest å ha eit stort potensial for utvikling av moglege tenestetilbod, kommersielle tilbod og estetisk opprusting i tilknytning til stoppeplass for vegtrafikken

7.2.4 signalisera Ålvik for å oppnå merksemd og stoppeffekt for vegfarande

Næringsmessig er det viktig for Ålvik å oppnå større omsetning frå vegtrafikken. Det krev at dei vegfarande stoppar i sentrum der det er kommersielle tilbod.

7.2.5 grønt miljø og opplevingar/elva

Vassdrag og vassdragsnære område er viktige for miljø og grøntstruktur. Området langs Dalselva kan med mindre tiltak utviklast til eit attraktivt tur- og opphaldsområde.

8 Prosjektelement

- sentrum/Torget
- Messen/Havnaneset
- gangvegssystemet/tilknytingar
- strandpark/strandsti
- elvesti/elvemiljø
- trallebanen
- bygningar og arealressursar

Sentrum/Torget 1

(riksvegen gjennom sentrum)

Riksvegen som kjem inn frå vest og nord ligg høgare enn Torget heilt fram til krysset i søndre kant av Torget. Riksvegen er i dag ekstra brei framfor Torget, m.a.p. tidlegare busslomme som ikkje er i bruk lenger. Høgdeskilnad, skråningsutforming m.m. gjer at riksvegen - sjølv om han går så å seia midt gjennom sentrum - har dårleg samanheng med sentrumsarealet i Ålvik.

Vi foreslår å utforma riksvegen fordi Torget slik at det vert betre visuelt og opplevd samanheng mellom riksvegen og sideområda i den bymessige delen av sentrum. For å oppnå dette foreslår vi å justera høgda på riksvegen slik at han kjem meir i plan med Torget på den søndre delen. Breidda på riksvegen vert redusert. Medviten bruk av ulike materialar og overgangar mellom desse kan understreka den korte strekningen der riksvegen samspeilar med byrommet omkring Torget.

Sentrum/Torget 2

(utforming av torget)

Torget består i dag av asfaltert areal med parkering inn mot bygning og ut mot ein tilplanta skråning mot fortau/riksveg. Asfaltdekket er stadvis noko slite og holete. Det er fortau/gangområde langs fasaden til "Torgbygget".



Vi foreslår å utforma Torget i to delar med dimensjonar tilpassa lokal aktivitet. Delen nærmast inngangen til Coop-butikken i vinkelen av "Torgbygget" vert utforma som opphaldsareal/plass /"torgareal" som vert opparbeidd med gode og varige materialar. Den øvrige delen av Torget vert behalde som asfaltert parkeringsplass med bruk av kantstein og vegetasjon som avgrensingar. Langs fasaden til "Torgbygget" vert det noko utviding av opphaldsareal.

Området nordover mot den tidlegare butikklokalet/næringsbygget vert knytt saman med torgplassen med lokal gangakse. Ei aktiv sone framfor bygga her kan forsterka grunnlaget for handel og service.

Messen

Messen har verdi som bygning og historisk identitet. Bygningen er i dag for lite utnytta og har potensial til å bli eit samlingspunkt for næringsutvikling og informasjon.

For å skapa eit sterkt miljø bør så mange tenester som mogleg samlokalisert, t.d.

- bibliotek/informasjon
- serveringstilbod inkl uteservering
- dokumentasjonssenter for industrihistorien og bygningshistorien i Ålvik.
- veginformasjonsteneste
- prosjektkontor for ulike utviklingsprosjekt
- fasilitetar for festivalar og arrangement

I planskisse er vist ny inngang frå baksida av bygget med tilbygg for heis og med tilknytning direkte til ny sentral gangakse. Området på framsida med utsikt mot fjorden kan utviklast til eit tiltalende opphaldsområde med tilknytning til strandsti og sjø.



Frå "Ferrofolket":

"Heibergs Minne" markerer meir enn noko anna bygg i Ålvik korleis eitkvart stolt og storslått urbant og moderne har teke over i den traustre bondebygda. Bygget var opprinneleg tenkt til å vere mellom anna butikk. Frå 1928 vart "Messen" kontorbygg for A/S Bjølvfossen.

Sentral akse

Planforslaget viser ein markert gangakse frå sentrum mot Havnaneset.

Aksen vil styra også utforminga av tiltaka opp mot riksvegen. Aksen bør ha stram utforming og eit godt og robust dekke i skifer. Aksen vil bli rundt 150 meter lang

Aksen kan forsterkast med skulpturar og vegetasjon og vil gi ein klar struktur til eit relativt ope og udefinert område.

Eksisterande tilkomstveg og parkeringsplass mellom Messen og Havnaneset, som i dag vert brukt av tilsette ved Bjølvfossen, bør byggjast om og tilpassast til aksen og ny bruk av Havnaneset.



Område for akse, bak Messen, sett nedover/vestover, passerer mellom dei to lyse fureleggene



Område for akse, sett oppover/austover, passerer mellom Messen og lyktestolpe

Havnaneset

Den første hamna som vart bygd i samband med industriutbygginga låg på utsida av Havnaneset. Seinare vart det bygt nye kaianlegg i tilknytning til industrianlegget.

Havnaneset og omkringliggjande område utgjer i dag ei grøn lunge med fleire moglegheiter. Arbeidet med terrengavslutning og oppryddinga som er utført dei seinare år, dekkar over spora etter tidlegare avfallslagring i området.

Det utfylte området er såvidt stort og ope at det er behov for ei bruksmessig oppdeling av arealet. Frå enden av gangaksen må etablerast god tilkomst ned på det nedre utfylte planet og den vesle lagunen der er lagt til rette ei lita sandstrand.



Overflata på arealet er maskinplanert med relativt grove grusmassar. Området er tilsådd og under etablering som grøntområde og vil nok framstå som eit positivt trekk i landskapet.

Aktuelle opphaldsområde bør avrettast betre med jorddekke og tilsåast. Planting av tregrupper og enkelttre kan gi livd og variasjon til området.



Den øvre delen av fyllinga ved Havnaneset er komen i høgaste laget. Landskapet kunne tent på om fyllinga hadde vorte senka noko slik at terrenget fekk ei svakt konkav form mellom dei to framstikkande bergknausane.

Det har i tidlegare fase av tettstadprosjektet vore lansert forslag om basseng på Havnaneset, oppvarma med temperert vatn frå produksjonen. Realisering av eit mogleg basseng krev investeringar og vil vera avhengig av at det kan etablerast ei tilfredsstillande ordning for driftsansvar og tilsyn. Vi har ikkje konkretisert bassengideen noko meir i denne omgang.

Ved den nordre fjellryggen som avgrensar den nye utfyllinga kan det etablerast ein mindre parkeringsplass og evt. bubilparkering.

Gangvegssystemet

Etablering av samanhengande gangvegsamband er det viktigaste tiltaket på riksvegen.

Frå sentrum og vestover

Det er i 2001-2002 etablert ein enkel gangveg på ein 650 m lang strekning langs riksvegen mellom Dalselva og røyrgata vest for sentrum. Tiltaket er forskottert av Kvam herad i samband med at det kunne skaffast steinmassar frå kraftanlegget.

Frå avslutninga av eksisterande gangveg ved røyrgata ligg det føre godkjend reguleringsplan for riksvegen med gang og sykkelveg for ein strekning på ca 700 m mot Vikedal. For resten av strekningen fram mot og forbi Vikedal, ca 500, m ligg det ikkje føre plangrunnlag. Det vil vera eit omfattande anleggsarbeid å etablere gangveg til Vikedal.

Frå Dalselva manglar det ca 300 m for gangvegen når fram til sentrum.

Planforslaget viser gangbru på vestsida av eksisterande køyrebru og vidareføring av gangveg på vestsida av riksvegen fram til Torget. Frå "Ringøysvingen" og ned mot Torget er gangvegen vist ført med noko avstand til riksvegen, m.a. for å bevare eksisterande trerekkje.

Det er utført målingar og registreringar i området ved brustaden som grunnlag for detaljplanlegging.

Frå sentrum og austover

Det er ikkje fortau eller gangveg langs riksvegen aust for sentrum. Frå bustadfeltet på Lilletveit 1-2 km aust for sentrum er det gangvegsamband fram til skule/sentrum via ein trase ovanfor Skjæret. Høgdeskilnaden og stigningsforholda på denne vegen er slik at gang- og sykkeltrafikk som skal til sentrum vil trekkja ned i riksvegen ved Skjæret.



Gangveg frå Lilletveit kjem ut i riksvegen på uoversiktleg stad på Skjæret. Herfrå er det smal riksveg utan fortau til sentrum.

Planforslaget viser fortau på sørsida av riksvegen mellom sentrum og Skjæret. Frå Skjæret og vidare til kryss med Tyrvedalen er vist gangveg som ligg noko frå riksvegen, i prinsippet som i trase for opparbeidd veg. På nordsida av riksvegen er førebels vist fortau frå sentrum til den tidlegare tennisbanen og fortau på ein strekning der gangveg frå Lilletveit kjem inn på riksvegen. Det er usikkert om det let seg gjera å få til tosidig fortau langs heile Skjæret, og førebels er det ikkje vist i planen. Det må arbeidast vidare med detaljløysingar forbi eigedommane på Skjæret.

Gangvegssystemet med ny bru over elva vil gjera det trivelegare å vera fotgjengar i Ålvik og gjera det meir attraktivt med rundturar i nærmiljøet.

Eksempel Ålvik rundt Langs riksvegen mellom sentrum og Skjæret, gjennom natur og bustadområde i Byen, elvesti langs Dalselva, tilbake til sentrum - samla lengd ca 2,5 km
/ekstra sløyfe Trånavegen-Sjuketova - tillegg ca 1 km
/ekstra sløyfe Havnaneset-Tyrvefjøl - tillegg ca 0,5 km

Strandsti


Mellom småbåthamna i Tyrvefjora og Havnaneset er planlagt ny strandsti. Tiltaket opnar ein ny framkomst i eit område som i dag er vanskeleg framkomeleg, og er eit ledd i å gjera den tettstadnære strandsona tilgjengeleg.

I største mogleg grad bør stien leggjast i naturleg terreng utan særleg tilrettelegging ut over sikringstiltak for å hindra folk i å falla på sjøen eller unngå annan fare. Over landområde må terrenget bevarast mest mogleg urørt utan sprenging eller fylling. I området aust mot småbåthavna kan vurderast å leggja stien på utfylling i sjøen for å unngå inngrep i private tomter.



Rasteplass/badeplass/småbåthamn i Tyrvefjora er eit godt utgangspunkt for ny gangsti langs stranda

På nokre strekningar der det er vanskeleg å ta seg fram, er det planlagt etablert konstruksjonar eller bruer for å koma fram eller ta opp høgdeforskjell. Konstruksjonane bør stå fram som markerte skapte element som dannar ein utfyllande kontrast til terrenget.



Prinsippskisse av konstruksjon - bru over terrenghindringar - bygd opp av stålragverk med tredekke

Lengd av sti er ca 600 meter - av dette er det behov for ca 120 meter konstruksjonar. Stien vil passera over grunnar for nedbrende naust, og nausta her bør ikkje gjenoppførast. Vest for dei nedbrende nausta står eit bygg med 3 naustplassar. Stien kan passera på sør- og vestsida av dette. Herifrå og fram til Havnaneset er det vanskeleg framkomeleg langs stranda. Strandstien kan her ta seg noko høgare opp og kan falla saman med eksisterande grusveg på ein strekning sør for bustadeigedommar. Sør for Havnaneset kan strandstien knytast til stien som går ned til nausta.

Det kan seinare vera mogleg å etablere sti langs stranda vest for Bjølvfossen sitt anlegg og fram til Vikedal. Bjølvfossen er grunneigar til det aller meste av strandområda i Ålvik. Eventuelle private eigedommar som vert berørt må løysast med eigne avtalar.

Elvesti/elvemiljø

Langs Dalselva kan det forholdsvis enkelt gjennomførast tiltak som kan gjera elva og miljøet rundt meir attraktivt. Dette vil kunna stimulera til auka trivsel ved vandring og opphald langs elva og til deltaking i ulike friluftaktivitetar som fiske, bading, juv-vandring, klatring, rappelling, fuglekikking etc. Nærleiken til skule og barnehage er ein føremon.


Den aktuelle elvestrekningen er i underkant av 600 m frå riksvegbrua og oppover til dammen med drikkevassinntak for Ålvik. Nedanfor riksvegbrua går elva inn i ein ca 400 m lang tunnel som fører vatnet ut i sjøen i området nord for Messen. Fisken i elva har kontakt med sjøen gjennom tunnelen. Ovanfor tunnelen har det vore sett fram forslag om fisketrapp slik at sjøauren kan gå lenger opp.

På grunnlag av synfaringar i marka m.a. med Tom Håland, Ålvik Jeger- og Fiskarlag, er det utarbeidd forslag til ulike tiltak :

- sti langs elva
- gangbru nedanfor vassinntak
- samband over elva fram til merke tursti til Bordalen - Voss
- utgraving av kulpar og badeplass
- bygging av tersklar
- plastring av elevekantar
- hogst av underskog og opprydding
- etablering av sitjegrupper med bord, bålplass o.l.
- evt tilplanting - parkanlegg på delar av strekningen

I konsesjonsvilkåra for kraftutbygginga er det gitt pålegg om terskelbygging i elva. Aktuelle tiltak i og langs elva må planleggast samarbeid med Statkraft og NVE.

Dalselva er påverka av kloakkutslepp frå bebyggelse, og opprydding i utsleppsforholda vil vera nødvendig som eit tidleg tiltak for å betra forholda i og langs elva.




Kart med forslag til tiltak

1	Terskel, rensking i midten, lause massar	13	Terskel, rensking. Setja opp fuglekassar.
2	Terskel, rensking	14	Terskel, rensking
3	Terskel, rensking	15	Terskel, rensking
4	Tilkomst til l, bank, sitjeplassar, gapahuk m.m.	16	Torr elvestreng som kan opnast
5	Generell opprydding	17	Ny gangbru. Fundamentert på fjell i begge endar.
6	Terskel, rensking	18	Mogleg klatring i juv og på svaberg
7	Grava ut kulp/badedam. Kjenner kloakklukt.	19	Møteplass, dagens mål, utfordring....
8	Terskel, rensking. Sjå på fisk frå brua.	20	Revasteinen - klatring/rappellering
9	Evt. tilplanting - parkanlegg	21	Kalvasteinen, hogare og større. Klatr./rappellering
10	Rydding. Omlegging av sti til aust for banen.	22	Fuglekassar. Frodig vektasjon. Evt. fuglekikking
11	Terskel, rensking	23	Rikt fugleliv i lauvskogen
12	Terskel, rensking	24	Merka turveg til Bordalen -Voss

Trallebanen

Trallebanen utgjør saman med røyrgata eit landemerke i fjellsida i Ålvik. Banen stig over 800 meter, der dei første 500 meter går i dagen medan øvre del av banen ligg i tunnel/overbygg. Turen er med sine bratte stigningar (56° på det brattaste) og svimlande utsikt ei spektakulær halvtimeslang oppleving. Etter det som er kjent, skal trallebanen i Ålvik vera den høgste og brattaste i Europa.



Tverrprofil av trallebanen - samanlikna med profil av Holmenkollbakken t.h.

Trallebanen er bygd for transport av utstyr og personar i samband med anlegg og drift av kraftanlegget med røyrgate og demningar på fjellet. Dei første damanlegga og den første røyrgata vart teken i bruk i 1918. Seinare vart det bygd høgare dam og røyrgate nr 2 vart montert i 1938. Men banen er også eit tilbod til turgåarar og hytteeigarar på fjellet. Det er opplyst at banen går 200-300 turar årleg og fraktar 700-800 personar. I opptakten til tettstadprosjektet er peika på at trallebanen er ei unik oppleving som kan ha eit stort potensial i reiselivssamanheng.

Drifta av trallebanen har tidlegare vore Bjølvfossen sitt ansvar. Etter ordninga med heimfallsrett har staten ved Statkraft overteke kraftanlegga. Ny kraftstasjon er under anlegg og vil bli sett i drift i løpet av 2003-2004. Som del av nyanlegget er etablert overføringssjakt/tunnel frå magasina på fjellet. Den gamle røyrgata og den gamle kraftstasjonen vil verta sett ut av drift i løpet av 2004.

Det har pågått diskusjon mellom Kvam herad og Statkraft om driftsansvar for trallebanen etter at ny kraftstasjon vert tatt i bruk. Kommunen har sett fram krav om at Statkraft skal ha ansvar for drift og vedlikehald av trallebanen, men dette er ikkje tatt til følge i dei nye konsesjonsvilkåra.

Statkraft har ikkje behov for banen etter 1. kvartal 2004 og vurderer å leggja ned banen eller overlata den til andre. Vidare drift av banen vil krevja opprusting/ny godkjenning. Framtidig status for trallebanen er ikkje avklara.

Komfort og kapasitet på banen tilseier at eventuell turistmessig trafikk ved banen vil vera nisjeprega. Det er vanskeleg å sjå grunnlag for å etablera og driva eit kommersielt tilbod.

Bygningar og arealressursar


Tilgjengelege areal og bygningar er ein av føresetnadene for etablering av næringsverksemd. I bebyggelsen rundt Torget og Messen er det ledig areal. For tyngre industriell verksemd vil det etter kvart lata seg gjera å finna disponibelt areal i tilknytning til Bjølvfossen sitt område.

Mangel på areal er ikkje vurdert til å vera ei hindring for etablering eller drift av næringsverksemd i Ålvik i dag. I dette prosjektet har vi derfor ikkje gått vidare med denne problemstillinga. Tilgjengelege bygningar og areal har potensial for meir intensiv utnytting.

Messen

Messen - den gamle administrasjonsbygningen til Bjølvfossen - er fristilt for andre formål. Bygget fungerer i dag som eit "næringshagemiljø" med utleige av lokale til nokre mindre verksemd. Det må stimulerast til eit breiare miljø og større aktivitet i Messen. Bygningen og området er viktig for utvikling av kommersielle og reiselivsbaserte tenester i tilknytning til sentrum i Ålvik. Ny inngang med heis bør knytast til gangaksen. Bibliotek/informasjon og kafe/serveringstilbod bør lokaliserast i bygget. Området på framsida av bygget ligg fint til for uteservering mm.

Industriområdet



Prinsippskisse - område/areal i austre del av Bjølvfossen sitt område kan bli frigjort. Ny tilkomst frå vest

Bjølvfossen har signalisert at areal og bygningar på bedriftsområdet kan bli ledige etter kvart som verksemda omstrukturerer og omlokiserer funksjonar og tilkomst. M.a. vil dette innebera at hovudtilkomsten til bedriftsområdet vil bli frå vest via tilkomstvegen som er bygd i samband med kraftanlegget. Areal og bygningar kan bli frigjort i austre del. Slik omdisponering vil først kunna vera aktuell når arbeidet med kraftanlegget er ferdig og ny kraftstasjon er tatt i bruk

Mogleg sentrumsareal

Mellom Portvaktbygget/noverande administrasjonsbygg og sentrumsområdet ligg eit område som er lite utnytta i dag, og som kan vera aktuelt til sentrumsutvikling og andre funksjonar så langt det vert tatt nødvendig omsyn til støy og utslepp frå industridrifta.

9 Kostnader (Grovmaska overslag)


Nr	Tiltak	Mengd	Einingspris	Kostnad	Akk
SENTRUM-TORGET					
1.1	Torg - møteplass	500 m2	3.000	1.500.000	1.500
1.2	Torg - øvrig	500 m2	2.000	1.000.000	2.500
1.3	Skulptur-beplantning-belysning-utstyr			<u>800.000</u>	3.300
				<u>3.300.000</u>	
RIKSVEGEN - TRAFIKKSIKRING/MILJØTILTAK					
2.1	Vid.føring, gangbru Dalselva	120 m	5.000	600.000	3.900
2.2	Trånavegen - Sentrum	200 m	5.000	1.000.000	4.900
2.3	Sentrum-Torget	1500 m2	2.000	3.000.000	7.900
2.3	Kryssområde-busslommer etc			400.000	8.300
2.4	Sentrum - Pensjonisten	300 m	15.000	4.500.000	12.800
2.5	Pensjonisten - Skjæret	200 m	15.000	3.000.000	15.800
2.6	Skjæret - Tyrvefjora	100 m	10.000	1.000.000	16.800
2.7	Tyrvefjora - "Auganesvegen"	200 m	2.500	<u>500.000</u>	17.300
				<u>16.100.000</u>	
2.8	Evt. tiltak mot støy*			<u>2.000.000</u>	
HAVNANESET					
3.1	Gangakse	150 m	8.000	1.200.000	20.600
3.2	Skulpturakse-belysning-utstyr			600.000	21.200
3.3	Grøntområde Havnaneset			300.000	21.500
3.5	Utbetring av veg frå Bj.fossen	80 m	4.000	320.000	21.820
3.6	Tilrettelegging mot stranda etc			<u>300.000</u>	22.120
				<u>3.120.000</u>	
VEGSTOPP					
4.4	Stoppeplass/grøntområde ved rv	1500 m2	1.000	<u>1.500.000</u>	23.620
STRANDSTI Havnaneset-Tyrvefjora					
5.1	Tilrettelegging i terreng	500 m	400	200.000	
5.2	Utfylling mot småbåthamna	150 m	1.000	150.000	
5.2	Opprydding naust etc			100.000	
5.3	Brukonstruksjonar	120 m	7.000	<u>840.000</u>	24.910
				<u>1.290.000</u>	
ELVEMILJØ					
6.1	Oppryddingstiltak - avløp			800.000	
6.2	Tersklar/elvetiltak			400.000	
6.3	Sti-gangbru			400.000	
6.4	Fisketrapp			<u>400.000</u>	
				<u>2.000.000</u>	26.910
SKILTING/INFOPLASSAR					
7.1	Kjepso - fjernskilt			100.000	
7.2	Tyrvefjora og Vikedal - ytre skilt			100.000	
7.3	Sentrum - stoppeplass			<u>100.000</u>	27.210
				<u>300.000</u>	

*) Skjønsmessig anslag for moglege støytiltak

10 Plansituasjon - planavklaring

Eksisterende plansituasjon

Kommuneplan (1999), under revisjon	Industriområde sør/vest for rv inkl Havnaneset Byggeområde/Bustadområde Havnaneset - Tyrvefjora Friområde - Tyrvefjora
---	--



Utsnitt av kommuneplanen

Reguleringsplanar



Gjeldande planar:

- (2000) Reguleringsplan for del av Ålvik
- (1993) Reguleringsplan for Byen
- (1982) Del av reguleringsplan for Skjæret-Lilleteit

Reguleringsplan for Byen (bustadområde nord for rv)

Elles er området uregulert. Bjølvefossen sitt område i Ålvik har fram til 1965 utgjort eigen bygningsskjemme der bedrifta sjølv har hatt sjølvstendig ansvar for byggesaker.

Evt. endringar i kommuneplan

Austre del av Bjølvefossen sitt område vil på nokre års sikt bli frigjort og kan omdisponerast frå industriområde til næringsformål eller andre tettstadsformål.

Planbehov/-endringar i reguleringsplan

På kort sikt:

1. Regulering av områda der det er aktuelt å gjennomføra fysiske tiltak som inngår i tettstadprosjektet. Omfattar i praksis området frå Tyrvefjora til sentrum/Dalselva mellom sjøen og riksvegen, inkl riksvegen, og Havnaneset/område som Bjølvefossen har bestemt seg for å frigi til andre formål.

Noko lengre sikt:

2. Regulering av industriareal som vert vurdert omdisponert og areal på utsida av nytt bedriftsgjerde.

11 Gjennomføring av tiltak

Forslag til prioritering

Prioritet	Tiltak	Kostnad	Akkum.
1.	Gang- og sykkelveg langs rv frå noverande avslutning nord for Dalselva fram til Torget	1.600.000	1.600.000
2.	Torget-sentrum med kryss/avkjørsler	6.700.000	8.300.000
3.	"Stoppeplass" sentrum- Havnaneset	1.500.000	9.800.000
4.	"Opprydding" i området Bensinstasjonen-Tyrvefjora	500.000	10.300.000
5.	Skilting	300.000	10.600.000
6.	Vegutbetring/fortau sentrum- Pensjonistheimen	4.500.000	15.100.000
7.	Vegutbetring/fortau Pensjonistheimen-Skjæret	3.000.000	18.100.000
8.	Vegutbetring/fortau Skjæret-Tyrvefjora	1.000.000	19.100.000
9.	Gangakse Havnaneset	3.120.000	22.220.000
10.	Strandsti	1.290.000	23.510.000
11.	Elvemiljø/elvesti, ulike tiltak vert realisert etter kvart som det kan skaffast midlar, dugnadsprega tiltak kan koma tidleg	2.000.000	25.510.000
	Sum	25.510.000	
6-8.	Evt. støyttiltak mm - framdrift i forhold til tiltak på riksvegen	2.000.000	

Konkrete delprosjekt må avgrensast slik at dei er gjennomførlege med dei ressursar som kan skaffast. Kva som skal gjerast først og sist heng i stor grad saman med korleis tiltaka kan finansierast.

Første prioritet (1) er gitt til vidareføring av eksisterande gang-sykkelveg frå noverande endepunkt og fram til sentrum-Torget.

Vidare er proritert (2-3) ombygging av Torget og riksvegen forbi Torget inkl tilrettelegging av stoppeplass ved riksvegen/Havnaneset.

Presentasjon og skilting (4-5) langs riksvegen vil markera Ålvik for vegfarande.

Vegutbetring med fortau på strekningen frå sentrum til Skjæret (6-8) er relativt kostbare tiltak, men er svært ønskjelege for å gi betre vilkår for gangtrafikken.

Gangakse Havnaneset (9) heng saman med utvikling av sentrum-Torget, og har potensial for utvikling av eit område for kunstnarlege aktivitetar.

Strandsti (10) er eit viktig "signaltiltak" i forhold til tilgjenge til strandområde, som har stor offentleg merksemd.

Opprusting og tilrettelegging av miljøet langs elva (10) kan bety mykje for trivsel og helse og bør påbegynnast i ein tidleg fase.

Ein stor del av foreslåtte tiltak er knytt til trafikkisikring langs riksvegen, jfr oversikt over kostnadsgrunnlag, pkt 9. Rundt 18 mill kr av samla 26 mill kr er knytt til riksvegtiltak inkl tilrettetegging av stoppeplass og skilting.

Øvrige tiltak av estetisk og aktivitetstilretteleggjande karakter (Torget, Havnaneset, strandsti og elvemiljø) er også av stor verdi for turistvegen.

12 Planprosessen

Reduksjonar og nedbemanning ved Bjølvefossen har utløyst aktivitet i Ålviksamfunnet og i heradet for å finna tiltak som kan halda oppe arbeidsplassar og busetjing. Det er samla løyvt 4 mill kr frå Bjølvefossen og Kvam herad til omstillingsarbeid.

Styringsgruppa for omstilling i Ålvik har hatt ansvar for omstillingsarbeidet. Fleire tiltak er gjennomført i perioden 2001-2002:

- arbeidsseminar og opne møte
- erfaringsutveksling med Tyssedalsprosjektet, Odda
- kontordagar for næringskoordinator
- analyse av konkurransefortrinn er utarbeidd av ekstern konsulent
- analyse og bistand ved utvikling av konkrete forretningsidear
- rådgiving og bistand til etablerarar
- ideutvikling for tettstaden ved sivilarkitektane Gudrun Molden og Helge Schjelderup
- samarbeid med Bergen Arkitekt Skole, 12 studentarbeid, oppsummert i utstilling januar 2002

Kvam herad har i 2002 vedtatt å setja i gang arbeid med tettstadprosjekt med ei brei satsing på tiltak som kan gjera tettstaden betre og leggja til rette for næringsutvikling.

Prosjektet er utført som ein kombinasjon av arbeid i styringsgruppa, arbeidsdugnader/diskusjonsmøte i samarbeid med grendautvalet og utgreiingsarbeid frå konsulenten.

Det er halde to opne møte

november 2002 sammøte med grendautvalet, som først drøfta innspel til kommuneplanen, sidan idemøte med gruppearbeid, rundt 20 frammøtte

mai 2003 presentasjon av førebels forslag til tiltak
vurdering og diskusjon av tiltak og prioritering, rundt 15 frammøtte

Etter møta har det kome ymse innspel til konsulenten frå grendautvalet og enkeltpersonar. Konsulenten og representantar frå styringsgruppa har hatt synfaringar og møte med representantar frå Statens vegvesen, prosjektgruppa for nasjonale turistvegar og fylkeskommunen.

Grendautvalet har hengt opp utkast til plankart i plakativindu på Torget i Ålvik.

Referansar

Tettstadsprosjekt i Ålvik. Saksframstilling til møte 22.10.02 i Kvam heradsstyre.
Ålvik i omstilling. Notat frå Helge Schjelderup og Gudrun Molden, 17.04.2002
Konsekvensanalyse Ålvik/Kvam. Reduksjonar i verksemda ved Bjølvefossen 2001. Hordaland fylkeskommune, juni 2001.

Erik Fossåskaret og Frode Storås: *Ferrolfolket ved fjorden*, 1999
Gro Lavoll: *Konsept om arkitektur- og bygningshistorie i Ålvik*, udatert
Reguleringsplan for Byen - Ålvik, sivilarkitekt Alv Martin Vangdal 1991, plan vedtatt 1993
(plan for å ta vare på dei eldste bustadområda i tilknytning til industrietableringa i Ålvik)

Til huseigarar og komande huseigarar i "Byen" i Ålvik. Fylkeskonservatoren i Hordaland 1989

Stedsanalyse - et levende Tyssedal. Odda kommune/SG Arkitekter, 2001
Verneplan for tekniske og industrielle kulturminner, Riksantikvaren 1994
Kulturnytt 2/94

Trafikksikringsplan for Kvam herad, 2001- 2004, 2002
Vegplan for Kvam, "Kvammapakken", 2003

St.meld. nr 46 (1999-2000) Nasjonal transportplan 2002-2011.
Håndbok 140. Konsekvensanalyser. Statens vegvesen.
Forskrift om grenseverdier for støy, 2002
Veiledning til forskrift om grenseverdier for lokal luftforurensning og støy, SFT 98-03
Fra vegkryss til tettsted, NKF, 1992
Miljøgate Stryn, Statens vegvesen Sogn og Fjordane, 1996.
Gode steder, MD og KRD 1999
Bergen - Byens liv - gaten som sosial arena, Statens vegvesen, 1998
Plan 2/2002 - Ny giv for tettstedene?
Tettsteder i distriktene - situasjon og muligheter (www.distriktsforum.net)


Reguleringsplan for Byen, 1993
Reguleringsplan for Skjæret-Lillevet, 1982

Bilete

Foto som er brukt i rapporten er henta frå følgjande kjelder:

Kvam herad si nettside	fotograf: L Eide	Side 1/forside, 6
"Ferrolfolket"		14, 21
Siv.ark. Alv Martin Vangdal		8
Skiforeningen		21
Geoplan		Bilete elles:


Kartgrunnlag er stilt til disposisjon av Kvam herad



Tettstadprosjekt ÅLVIK


Oversikt over tiltak

Målestokk 1:1000 (1:2000)




Teikn nr 2076-2

GEOPPLAN AS
AREAL- OG SAMFUNNSPLANLEGGING OPPMÅLING GEODATA



Tettstadprosjekt ÅLVIK

Elvemiljø
langs
Dalaelva



MÅLESTOKK
1:1000 (1:2000)

Teikn nr 2076-4

